

Saksframlegg

SAKSGANG			
Styre, utval, m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
KOMMUNESTYRE	13.12.2010	170/10	ANF

Avgjerd av: Saksansv .: Astrid Norunn Fagerbakke	Arkiv: TI-&17 Objekt:	Arkivsaknr 10/2079
---	--	------------------------------

Referatsaker

Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	10/15633	U	17.11.2010	NOFIMA AS	Støtte til framleis drift ved NOFIMA AS sitt landanlegg i Austevoll
2	10/15217	I	03.11.2010	Fylkesmannen i Hordaland, Administrativ eining	Fylkesmannen si utviklingsrolle
3	10/16310	U	29.11.2010	Fylkesmannen i Hordaland, Administrativ eining	Fylkesmannen si utviklingsrolle
4	10/16307	I	26.11.2010	Riksantikvaren	Fritak for eigedomsskatt for bygninger som har historisk verdi
5	10/16675	I	30.11.2010	SLab AS	Slab. Kjøp av egne aksjer.
6	10/16931	N	09.12.2010	Austevoll kommunestyre	Vintervedlikehald av kommunale vegar og plassar
7	10/16965	X	10.12.2010	Austevoll kommunestyre	Skatteinngongen november 2010

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Notat for oppfølging

Til:

Austevoll kommunestyre

Frå :

Rådmannen

Vår ref.

10/1723- 10/16931/LEH

Arkivkode

FA-Q14, TI-&46

Dykkar ref.**Dato**

09.12.2010

Vintervedlikehald av kommunale vegar og plassar

Alle brøyteroder har vore lyst ledig, med utlysing i Marsteinen og på kommunen sine heimesider slik utlysinga vart godkjent.

Det kom ikkje inn nokon tilbod der det var sett pris i tilboda. Det vi fekk inn var at dei fleste av dei vi hadde kontrakt med var villig til å drøfta vidare kontraktilhøve med kommunen i tillegg til ein ny som vi har midlertidig kontrakt med på Storebø rode pr i dag. Så vi fekk inn nok påmelde til å gå vidare.

Dei som var med på møtet var:

Frå Kommunen

Lars Erling Horgen

Lars Bu

Frå kontraktørane:

Storebø Skog og mekanisk v/ Reidar Storebø

Kalve Maskin v/ Ronny Bjørkelund

Paul Vassnes

Jan Ove Våge

Even Drivenes

Då ikkje nokon ville prisa jobben vart det vald å invitera dei påmelde til drøfting.

Drøftingsmøtet vart halde på kommunehuset måndag den 6. desember der alle påmelde var samla. Vi vart samde om at beredskapsgodtgjersla skulle vera den same for alle rodene, og at timepris også skulle vera den same for alle, uansett om det var kveld, natt eller helg. (Altså ingen tillegg).

Rodene skal gjennomgåast før nyttår.

Sluttilbodet frå kommunen vart slik:

1. Beredskap kr. 105.000 pr. år for hald av alle maskiner og redskapar.+ mva
2. Time løn kr. 700 pr. time - ikkje mva pliktig

Tilbodet ligg innanfor budsjettramma.

Notat til orientering

Til:

Austevoll kommunestyre

Kopi til :

Frå :

Rådmannen

Vår ref.

10/593- 11/LST

Arkivkode

FE-232

Dykkar ref.**Dato**

10.12.2010

Skatteinngongen november 2010

November er normalt den månaden i året skatteinntektene er høgast grunna skatteoppgjeret som kjem i oktober. Dette er ikkje tilfelle i november 2010, da er det kome inn 21,6 mill lågare enn budsjettert og 21,4 mill lågare enn fjoråret. Hovudårsaka til dette er at skatteoppgjeret for 2009 som kom i oktober 2010 viste at kommunen hadde fått om lag 20 mill kroner for mykje utbetalt skatt for 2009. Dette blir trekt på skatteinntektene for november 2010.

Skatteinngangen for november 2010 er på 12,7 mill kroner, til same tid i fjor var skatten på 34,1 mill kroner, altså ein nedgang i 2010 i forhold til 2009 på 21,4 mill kroner. Skatten for november er 21,6 mill lågare enn budsjett.. Hittil i år er det kome inn 77,74% av budsjetterte skatteinntekter noko som er 19,08% lågare enn budsjettert. Skatteinngangen januar - oktober blei 28,1 % over skatteinngangen enn elles i landet. Vi har fått føringar frå KS at den låge skatteinntekta i november gjer at kommunen ikkje kjem til å liggja stort over landsgjennomsnittet i skatteinntekter for 2010, det vil sei at delar av dei reduserte skatteinntektene jamnar seg ut mot lågare inntektsutjamning i november. På landsbasis er det berekna ei auke i skatteinntektene på rundt 5% i forhold til 2009, medan Austevoll i perioden har reduserte skatteinntekter med 14,69% i denne perioden. På noverande tidspunkt er det vanskelig å sei kva netto skatteinntekter blir i 2010, ein veit dette betre rundt 20 desember då vi får berekninga på inntektsutjamning for november frå KS.

Årsbudsjett på skatteinntekter er på 159,49 mill kroner for 2010, mot 124 mill kroner i 2009, ei auke på 28,62%.

Inntektsutjamninga fungerer slik at av alle skatteinntekter over landsgjennomsnittet må me tilbakebetala 59% til staten.

	Kommune	Kommunen	Kommunen	Kommunen	Kommunen	Kommunen	% vis fordeling pr. mnd		
Måned	2005	2006	2007	2008	2009	2010	%-av	Budsjett	Budsjett
							budsjett 2010	2010	2010
Januar	17 413 778	20 110 081	20 220 763	21 819 652	21 371 252	27 959 240	17,53 %	17,66 %	28 162 974
Februar	359 058	457 797	109 388	313 863	1 459 391	2 431 038	1,52 %	0,47 %	753 212

Mars	11 785 498	12 383 751	13 817 352	14 514 705	20 080 645	21 209 156	13,30 %	12,70 %	20 251 775
April	578 336	2 929 960	1 946 447	1 395 564	8 218 009	430 648	0,27 %	2,64 %	4 204 353
Mai	12 710 954	14 239 029	15 729 406	20 349 714	23 727 644	24 515 328	15,37 %	15,18 %	24 206 819
Juni	560 399	353 454	-762 195	711 548	827 351	-2 837 699	-1,78 %	0,30 %	471 698
Juli	8 761 494	10 406 601	11 333 819	10 175 914	10 929 515	15 095 873	9,47 %	9,03 %	14 399 452
August	1 418 214	598 977	452 797	104 667	3 734 990	1 127 812	0,71 %	1,10 %	1 760 514
September	13 875 590	15 473 882	16 550 831	20 594 258	25 205 040	24 405 345	15,30 %	16,04 %	25 585 971
Oktober	985 144	1 607 480	1 318 643	1 591 318	-4 280 507	-3 040 359	-1,91 %	0,21 %	340 984
November	15 007 788	14 788 971	16 927 809	42 077 653	34 072 032	12 690 492	7,96 %	21,50 %	34 284 305
Samla	83 456 253	93 349 983	97 645 060	133 648 856	145 345 362	123 986 874	77,74 %	96,82 %	159 487 000
%-vis endring					8,75 %	-14,69 %			

Så langt i år er det kome inn 124 mill kroner eller 77,74% av dei budsjetterte skatteinntektene, 30,4 mill kroner under budsjett. Prognosen for skatteinntektene etter elleve månader tilseier at Austevoll ikkje får inn dei budsjetterte skatteinntektene. reduksjonen i skatteinntekter januar - november frå 2009 til 2010 er på heile 14,7%, eller 21,4 mill kroner. Skatteinntekta for november blei langt frå som forventa, effekten av den låge novemberskatten veit ein ikkje før berekninga av inntektsutjamninga kjem rundt 20 desember.

Normalt sett har Austevoll langt høgare skatteinntekter enn landet elles i dei fyrste månadane, mykje grunna skatteinntekter frå fiskeri som blir innbetalt i dei fyrste månadane av året, for så å jamne seg ut seinare i året. Pr. oktober var skatteinntektene 28,1 % over landsgjennomsnittet. I følgje KS sine foreløpige berekningar kan vi nærme oss landsgjennomsnittet på skatteinntekter ved årsslutt. Dette kan vere med å gjere at reduserte skatteinntekter ikkje nødvendigvis får den store konsekvensen for resultatet i 2010 som det kunne ha vært. KS har estimert ei netto mindreinntekt på rundt 8 mill kroner grunna for mykje utbetalt skatt i 2009, men som vi ikkje veit før endelig berekning er motteken.

Til saman er det pr. november kostnadsført 9.6 mill kroner i inntektsutjamning i rekneskapet, medan budsjettet er på 32 mill kroner, dvs 22,4 mill kroner lågare enn budsjett. Inntektsutjamninga for november er svært usikker, og er eit estimat ut frå ein uoffisiell uttale frå KS, der dei røflig bereknar ei netto mindreinntekt på skatt på 8 mill kroner. Endelig tal kjem som tidligare beskrive i slutten av desember.

SAKSFRAMLEGG

Saksnr	Utval	Møtedato	Sakshandsamar
175/10	KOMMUNESTYRE	13.12.2010	Wenche Gloppen

Arkivsaknr. 10/1702	Arkiv: FA-A10
---------------------	---------------

Tildeling verksemdovertaking av Småtun barnehage

Rådmannen si tilråding:

Austevoll kommunestyre vedtek at Trygge barnehage får kjøpe og overta drifta av Småtun barnehage seinast 15.02.2011.

Vedlagte saksdokument:

Dok.dato	Tittel
30.11.2010 08:39:03	Tilbod på kjøp av Småtun Barnehage - Sol-li barnehage
01.12.2010 10:30:27	Tilbod om verksemdovertaking av Småtun barnehage - Læringsverkstedet
06.12.2010	Alternativ 1 - ny barnehage i Gråsidalen.doc
01.12.2010	Alternativ 2 - ny barnehage på tomten til Småtun barnehage
29.11.2010	Ny barnehage på Storebø - TILBOD Trygge Barnehager
01.12.2010	Invitasjon til forhandlingar - verksemdovertaking av Småtun barnehage
08.12.2010	Referat frå møte med tilsette i Småtun barnehage 8.12.2010
08.12.2010 13:56:02	Møtebok - Småtun Barnehage - 02.12.2010

Bakgrunn for saka:

KST-158/10 Vedtak:

Austevoll kommunestyre vedtek å gå for verksemdovertaking av Småtun i tråd med rådmannen sitt alternativ 2 i notat til kommunestyret 31.10.2010

Austevoll kommunestyre legg vekt på dette i vurderinga:

- *Det er behov for utbygging av meir kapasitet nord i kommunen slik at ein unngår hausten 2011 å måtte tilby 16 plassar sør i kommunen for foreldre som ynskjer plass nord i kommunen.*
- *Det er ikkje lov eller ynskjeleg at kommunen skal "tvangsflytte" barn når dei blir 3 år frå private barnehager til Småtun for å unngå at 16 plassar ikkje vert 23 jmf notatet til rådmannen. Dermed vil det vera stor risiko for at Småtun ikkje får fullt belegg og dermed kostprisen vil gå svært mykje opp.*
- *Kommunestyret ynskjer betre lokaler enn dagens Småtun som ikkje er gode nok i dag eller nok framtidsretta.*
- *Kommunestyret viser til at tilboda frå private sikrar tilsette likeverdige løn og pensjonsvilkår.*
- *Kommunestyret meiner det er risiko å belage seg på at Småtun skal vera referansepunkt for utbetaling til dei andre private då det eigentleg ikkje er tilrettelagt for småbarnsplassar og ingen garanti for at det alltid vil vera nokon inne på dispensasjon. Grunna dette svingar og beløpet Småtun kostar kvar opphaldstime frå både over og under snittet som staten har fastsett i ny forskrift.*
- *Kommunestyret vil påpeike at å bygge stor ny kommunal barnehage som driv meir effektivt slik at kostnaden per opphaldstime går mykje ned vil gje det resultat at det vert vanskeleg å halde opp drifta ved dei minste barnehagane i Austevoll då tilskottet i så fall ville gått ned og då ville kanskje og Austevoll ikkje lenger ha full barnehagedekning. Kommunestyret viser og til rådmannen sitt notat der det kjem fram at Telemarksforskning har stilt spørsmålsteikn om kommunen kan klare å drive barnehage for 42,5- pr opphaldstime.*
- *Å nytte staten sin sats for barnehagetilskott skapar forutsigbarhet både for kommunen og dei private barnehagane med tanke på storleik på tilskottet.*

Austevoll kommunestyre ynskjer at ny barnehage vert bygd på tomten til Småtun så langt ein kan finne gode mellombelse løysingar i byggjeperioden.

Austevoll kommunestyre ser for seg overtaking 1.8.2011. Berekning av kommunalt tilskott vert i 2011 gjort 2 gonger basert på barnetal pr 15.12 (nivå på Småtun drift), 15.08 (kostnadsnorm).

Austevoll kommunestyre ber rådmannen lyse ut på fri konkurranse kva aktør som skal få verksomhetsovertaking. Konkurranseselement vert: Pris på kjøp av Småtun barnehage, ferdigstillelse dato, gjennomførbarheten av planane og om barnehagen kan tilby minst likeverdige løn og pensjonsvilkår. Sak om tildeling vert lagt fram for kommunestyret 13. desember 2010.

Protokolltilførsle frå ordføraren:

Austevoll kommunestyre føreset at rådmannen syter for at det i teksten i utlysinga kjem fram at kommunen kan forkaste alle tilbod viss det er sakleg grunn.

Tre private tilbydarar har kome med tilbod til kommunen:

- Læringsverkstedet
- Trygge barnehager AS,
- Sol-li barnehage

Rådmannen gjennomførte forhandlingar med alle tre tilbydarane tysdag 7. desember.

Rådmannen informerte dei tilsette om forhandlingane i møte onsdag 8. desember.

Tilbod frå dei tre tilbydarane etter forhandlingar:

	Læringsverkstedet	Trygge barnehager	Sol-li barnehage
Dato for overtaking	15. februar 2011	15. februar 2011	15. februar 2011
Pris	2,5 millionar	2,5 millionar	2 millionar
Barnetal og avdeling	76 barn – 4 avdelingar	45 -60 barn – 3 avdelingar	70 barn – 4 avdelingar
Tilsette	<ul style="list-style-type: none"> • Tilby tilsette same stillingar dei har i dag. • Tariffavtale med ytelsesbasert pensjonsavtale hos PBL-A 	<ul style="list-style-type: none"> • Løns og pensjonsvilkår likeverdig det dei tilsette har i kommunen i dag. • Intervjurunde før det vert teke stilling til kven som skal vera styrar • Noverande styrar vil ved eventuell overgang til ny stilling behalde same løn og pensjonsvilkår som i dag. 	<ul style="list-style-type: none"> • Tilby tilsette same stillingar dei har i dag • Likeverdige eller betre løns og pensjonsvilkår gjennom PBL-A
Lokale i byggeperioden	Ynskjer å flytte barna til Storebø grendahus eller Småtroll barnehage på Vinnes.	<ul style="list-style-type: none"> • Ynskjer å flytte barna til Storebø grendahus i byggetida. 	<ul style="list-style-type: none"> • Ynskjer å behalde barn i eksisterande Småtun i bygge-perioden. • Tryggleiken til barna vert sikra i perioden.
Bygg / ferdigstillingsdato	<ul style="list-style-type: none"> • Sanere bygg og bygge nytt same stad. • Ferdigstilt i august. 	<ul style="list-style-type: none"> • Sanere bygg og bygge nytt same stad • Heile arealet vil bli opparbeida på nytt • Ferdigstilt i august 	<ul style="list-style-type: none"> • Rehabiliterer noverande bygg. • Nybygg blir påbygg i nord. • Ferdigstilt i august
Buss	<ul style="list-style-type: none"> • Kan kjøpe buss til barnehagen. 	<ul style="list-style-type: none"> • Vil kjøpe buss dei tre barnehagane kan dela. • To tilsette vil få tilbod om utvida førarkort 	
Garanti overfor Husbanken	Stiller sjølv garanti for lån overfor Husbanken.	Stiller sjølv garanti for lån overfor Husbanken.	Stiller sjølv garanti for lån overfor Husbanken.
Anna	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunen må gje ei uttale at 2/3 av barnehagen er fylt opp 	<ul style="list-style-type: none"> • Kan vurdere å utvide barnetalet med 20 dersom dette ikkje går på bekostning av eksisterande barnehagar 	<ul style="list-style-type: none"> • Kan få kjøpt meir areal frå nabo.

Etter at saka er sendt tilbydarane, er det kome inn fylgjande merknader:

Sol-li barnehage

"Eg vil gjerne ha endra rekkefølgja slik på dette:

- Nybygg blir påbygg i nord på eksisterande bygg
- Rehabiliterer i tillegg noverande bygg

Elles nemnte eg på møtet at eg kan overta drift 01.feb 2011 sidan eg har avklara med entrepenørane at dei kan starta då.

Vil gjerne ha med i punktet ang. buss- at me og kan kjøpa buss **og båt**. Tilsette får tilbod om utvida førarkort og båtførarbevis etter behov."

Læringsverkstedet

"Det fremkommer av saksfremlegget at de ansatte i Småtun barnehage ønsker Trygge Barnehager som ny eier av barnehagen. Vi antar at bakgrunnen for denne uttalelsen fra de ansatte er at Trygge Barnehager allerede er etablert med 2 barnehager i Austevoll kommune, og at de ansatte dermed kjenner dem som en profesjonell barnehageaktør.

Læringsverkstedet har ikke hatt noen anledning til å presentere seg for de ansatte i Småtun, og har heller ikke sett på dette som nødvendig da det ikke var et av kriteriene i konkurransegrunnlaget.

Vi ønsker å presisere at det i konkurransegrunnlaget ble nevnt 4 kriterier som skulle avgjøre hvem som skulle overta Småtun barnehage. De ansattes ønsker var ikke et kriterium, og kan dermed heller ikke være utslagsgivende i den nært foreliggende avgjørelsen av hvem som skal overta.

Dersom dette nå blir innført som et kriterium, ønsker Læringsverkstedet å få mulighet til å presentere seg for alle ansatte i Småtun barnehage, slik som Trygge barnehager allerede har hatt anledning til gjennom å være etablert i kommunen i flere år. De ansatte kjenner på ingen måte til Læringsverkstedet og innholdet i vårt konsept.

Læringsverkstedet barnehager er en nasjonal, profesjonell barnehageaktør med sterkt fokus på innholdet i barnehagen. I vårt driftskonsept og i vår pedagogikk legger vi stor vekt på sammenhengen mellom visjon og et realistisk driftskonsept. Dette betyr at det skal være mulig for den enkelte barnehage å følge dette konseptet i hverdagen, slik at det er sammenheng mellom hovedkontorets visjoner, og hva som faktisk blir utført i barnehagene.

Vår erfaring er at det kan være sårbart å overlate alt ansvaret for driften til styrer og personalet. Vi kvalitetssikrer dette gjennom vårt eget utviklede ukesprogram, samt at vi har opplæring hver måned for alle ansatte i alle barnehagene.

For kommunens og innbyggernes skyld, ser vi på det som en fordel at det blir bredde i barnehagetilbudet i Austevoll kommune. Dette gir valgmulighet til brukerne, og gode samarbeidsmuligheter med de øvrige barnehagene i kommunen, og også muligheter for felles kursing og opplæring av ansatte. "

Trygge barnehager

Ingen merknader.

I møte med rådmannen kom det fram at samtlege tilsette i Småtun barnehage ynskjer at Trygge barnehager får tilsegn om verksemdovertaking.

For Austevoll kommune er det gunstig at nye aktørar overtek Småtun barnehage så tidleg som mogleg i 2011. Årsaka er at det vil vera økonomisk gunstig for kommunen med tidleg overtaking. Rådmannen ser det også som en fordel at ny eigar overtar drifta og ansvar for barn og tilsette i byggeperioden.

I forhandlingane er det ikkje forhandla om bygging andre stader enn på eksisterande tomt. Alle tre har vurdert tomtestorleik i forhold til nybygg. Det vert jobba for å få justert tomtegrensene.

I byggeperioden må barn som går i Småtun i dag vera i eit mellombels lokale for to aktørar. Det vil vera ein fordel om ein i denne perioden kan finne mellombels lokale i Storebøområdet. Dersom Storebø grendahus er for dårleg og det kostar for mykje å utbetra, må det arbeidast for å finne andre alternativ.

Alle tilbydarane har lova barnehagen ferdig innan oppstart av nytt barnehageår 15.08.2011. Oppstartsdato vil vera avhengig av rask kommunal handsaming.

Følgjande punkt er tilnærma likt hos alle tilbydarane:

- Dato for overtaking.
- Vilkår for tilsette.
- Alle kan drive barnehagen i byggeperioden
- Ferdigstillingsdato.
- Ingen vil krevje kommunal garanti

Når det gjeld pris og nybygg er to av tilbydarane like, mens ein tilbydar vil i tillegg til nybygg også renovere noverande barnehage og ligg også under på pris.

Tilbydarane har variasjon på barnetal.

Ved tilråding vil rådmannen leggja hovudvekt på kriteria i annonseteksten, men også sjå på følgjande punkt:

- Barnetal
- Nybygg kontra renovering + nybygg
- Anna

Dersom det ikkje er mogleg å skilje tilbydarane etter dette, vil rådmannen vurdera ut frå kva kommunen er best tent med.

Vurdering:

Rådmannen si vurdering er at tilbydarane er tilnærma lik på følgjande: Dato for overtaking, vilkår for tilsette, alle kan drive barnehagen i byggeperioden, ferdigstillings dato, ingen vil krevje kommunal garanti og gjennomførbarhet av planane. Rådmannen føler seg trygg på at alle tilbydarane kan tilby ein barnehage med eit godt pedagogisk innhald.

I konkurransegrunnlaget er fylgjande kriteria lagt til grunn:

1. Pris på kjøp av tomt og Småtun barnehage.
2. Ferdigstillingsdato.
3. Gjennomførbarhet av planene.
4. Ved verksemdovertaking sikre tilsette likeverdig løn og pensjonsvilkår.

Av dei 4 kriteria i konkurransegrunnlaget er det bare pris som ikkje er tilnærma lik. Sol-li barnehage liggjar kr 500.000 under dei to andre tilbydarar. Rådmannen vil derfor konkludere med at tilbodet frå Trygge barnehager og Læringsverkstedet samla sett er betre enn tilbodet frå Sol-li barnehage.

Rådmannen kan ikkje ut i frå kriterium i annonseteksten skilja Trygge barnehager og Læringsverkstedet. Rådmannen vil derfor vurdere totaltilbodet opp i mot kvarandre.

Begge tilbydarane vil sanere den gamle bygningen og bygge nytt. Dei er derfor også lik her.

Barnetal:

Læringsverkstedet vil byggje ny barnehage med plass til 76 barn, mens Trygge barnehager vil bygge for 45 til 60 barn. Etter rådmannen si vurdering vil ein barnehage på 60 plassar vere nok for å gi full barnehagedekning i kommunen. Dersom det blir bygd ein barnehage med 76 plassar, vil kapasiteten kunne bli så stor at det kanskje vil føra til nedlegging av ein av dei andre private barnehagane. Det vil derfor ikkje vere eit konkurransefortrinn å få ein barnehage med 76 plassar.

Mangfold:

Når kommunen ikkje skal drive ein kommunal barnehage, kan det vere ein fordel med fleire private aktørar innanfor drift av barnehagar. Pr i dag er mangfold representert ved at det er 7 ulike private barnehageaktørar etablert i kommunen. Det er difor allereie eit mangfold av aktørar innanfor barnehagetilbodet. Det vil derfor etter rådmannen sitt syn ikkje vere eit konkurransefortrinn med enda ein ny aktør, men heller ikkje ein ulempe.

Konklusjon:

Etter rådmannen si vurdering er det vanskeleg å skilje mellom Trygge barnehager og Læringsverkstedet på dei kriteria som til no har vore lagt til grunn. Rådmannen må derfor vurdere om kommunen er best tent med at Læringsverkstedet kjem inn som ein ny aktør eller om Trygge barnehager skal få drive ein tredje barnehage i kommunen.

Etter rådmannen si vurdering er det ikkje trong for ein ny aktør for å ivareta mangfoldet. Ved at Trygge barnehager får etablere ein tredje barnehage i kommunen, ser rådmannen at det vil vere mogleg å bruke dei samla ressursane innanfor desse barnehagane på ein god måte, slik at investeringar som til dømes buss og båt, vil kunne få ein meir optimal bruk til beste for fleire barnehagebarn.

Ut i frå ein totalvurdering vil rådmannen tilrå at Trygge barnehager får overta Småtun barnehage.

NY BARNEHAGE

Nybygg på 250 m² - 40 barnehageplassar i alderen 0-6 år, herav ein småbarnsavdeling.

Nybygget vil bli eit påbygg til eksisterande Småtun.

Eksisterande Småtun Barnehage vil verta totalrehabilitert, etter at eksisterande barn er flytta over i nybygget, og vil dermed framstå som ny .

Totalt vil barnehagen tilby 70 barnehageplassar / 4 avdelingar over eit areal på ca. 500 m² (276 m² netto leikeareal) når den totalrehabiliterte eininga er teken i bruk.

Sjølv om det statistikkmessig kan sjå ut som behovet for nye plassar saman med Småtuns plassar i dag vil utgjera rundt 45 plassar, meiner vi det er fornuftig å ta høgde for større utbygging, slik at ein ikkje kjem i den situasjon at det er for få barnhageplassar om kort tid.

Eksisterande Sol-li Barnehage har ingen planar om å leggja ned drifta, sjølv om vi bygger nytt.

Utearealet til Småtun er på ca. 2500 kvm, og vil dermed vera over 6 ganger netto leikeareal, som er kravet, etter at bygget og parkeringsplassane er trekte frå. Dette med utgangspunkt i kart/skisse frå kommunen over eigedomen. Plasseringa av bygget er tenkt utifrå maksimal utnytting av lys og solforhold.

Vi har tenkt oss ei løysing der barna skal kunna fortsetja å gå i Småtun Barnehage som før, medan nybygget vert reist. Dette har vi god erfaring med gjennom påbygg av Sol-li Barnehage.

Etter samtaler med Helsevernetaten i Bergen, som skal helseverngodkjenna barnehagane i Austevoll, er dette ei løysing som er mykje brukt, av ulike årsakar. Barna slepp å skifta til andre kanskje ikkje så tilfredsstillande midlertidige løysingar, og kan fortsetja å gå i kjente og trygge omgjevnader.

Tilkomsten til barnehagen vil verta i andre enden (mot bufelleskapet) i byggeperioden, for å sikra avstand til byggjeplassen. Utbygginga vil verta i enden (mot Mehammer). Barna vert sikra mot byggjeplassen på ein profesjonell og forsvarleg måte med høge stengselsgjerde. Utbygginga vil ikkje dette gå nevneverdig ut over eksisterande uteleikeområde, og er planlagt i perioden februar - mai 2011 - 4 måneder (sjå vedlagte skisse/teikningar).

Utforming av tradisjonell 4 avdelings barnehage.

Vi har vektlagt at barnehagen skal utformast og tilpassast det område og terreng barnehagen skal etablerast i. Vidare at det vert utstrakt bruk av miljøvennleg materiell og godt inneklima der lys/lydtilhøve vert godt ivarteken.

Lokala skal vera tidsriktige og funksjonelle, samt tilrettelagt for fleksibel bruk. Uteanlegget gjer mulighet for trygg og variert leik for alle i alle aldre, med god funksjonalitet både for bruk og vedlikehald. Det vil verta godt tilrettelagt med eit romsleg uteleikeområde, med Veritas-godkjenning, slik So-li Barnehage har. Samstundes har vi fokus på det kostnadsbesparande, som gjer sitt til at vi har kome ut med eit nøkternt kapitalbudsjett, som jo også er viktig for kommunen å sjå gunstigheten av i samheng med utløyising av kommunalt tilskot.

Barnehagen vil få fire definerte avdelingar. Kvar avdeling vil bli tilpassa barnas alder i forhold til utforming/leiker og utstyr. Ulike aktivitetsrom og moderne stellerom med hev- og senkebord, vannboren golvvarme, full universell utforming i forhold til nye reglar (bevegelseshemma, lysforhold, lydhelp til hørseshemma m.m) samt romslig personalrom. Vannbåren golvvarme er eit viktig ledd i en miljøvennlig omlegging av energibruk og difor vel me denne løysinga. der redusert bruk av el til oppvarming .God planløyising, med m.a lange vinduer ned mot golv, slik at alle barna kan få oppleve å vera i kontakt med naturen helt fra tidlig alder, for å nemna noko.

Åpne og fleksible romløyisingar er eit mål, slik at fleirbruk let seg praktisera.

Barnehagen vil innehelda sanserom. Eit kvitt rom for å ro, ettertanke, med visuelle detaljar i fargar, og lys. I tillegg vil det bli innreia eit musikk/lydsanserom. Visuelt skal barnehagen framstå som tiltalande, attraktivt og velhalde, også i åra framover, ved at vi som eigarar har fysisk nærleik til eigedomen og lett kan ivareta vedlikehaldet etter som behova melder seg.

PERSONALET:

Vi tek personalet med i prosessen med å finna gode løysingar. Dei tilsette i Småtun vil få fortsetja i dei stillingane dei har i dag, med same løn eller betre. Sol-li Barnehage har hatt mangeårig tariffavtale/tenestepensjon med PBL-A. Vi verdset ein høg pedagogtettleik, og antal vaksne pr. barn. Ettersom fleire barn kjem inn i barnehagen vert det lyst ut fleire stillingar. Då over 80% av barnehagens kostnader går til lønsutgifter, vert sjølv sagt størrelsen på barnegruppa avgjerande for størrelsen på personalet, og budsjettet vert justert etter dei faktiske forhold, slik vi har lang erfaring med.

Oversikt over kva som er tenkt utbetra i eksisterande Småtun

Med utgangspunkt i tilstandsrapport frå Helsevernetaten, på tilhøve som må utbetrast, har me sett av 2 månader til arbeidet:

Skifte av gjerde
Godkjent underlag leikeapparat
Utskiftning av golvbelegg 275 m²
Overflatebehandling vegger, maling, evt. plater
Forutan desse krava vil vi utbetra med:
Nye garderober for 30 barn
Utskiftning av enkeltvise dører/vinduer m.m

FRAMDRIFTSPLAN 2011:

- 1.februar : Utplanering nytt bygg: Ready Maskin startar planeringsarbeidet
- 10.februar : Blænes Bygg /Austevoll Rør legg støypt plate med vannboren rør
- 20.februar: Blænes Bygg as startar bygningsarbeidet av påbygg Småtun.
Elektrikar og rørleggjar utfører arbeidet underveis .
- 1. juni: Barna og personalet i eksisterande Småtun flytter over i nytt påbygg.
Rehabilitering av Småtun startar.
- 1.august: Barnehagen er ferdigstilt med plass til 60 barn/70 plassar i alderen 0-6 år.

Overtaking av Småtun Barnehage kan skje før 01.august 2011, dersom det er ønskeleg for kommunen.

Med atterhald om at regulering av tomt er på plass innen startdato, og erklæring frå kommunen til Husbanken om at dei bifaller planane, slik at finansieringa let seg ordna .

Vedlegg: Teikningar over bygget
Kart med skisse over bygget
Driftsbudsjett
Finansieringsbudsjett
Anbod frå entrepenørar/ leverandører

Storebø, 29.11.2010

Med helsing

Ann-Elen Waage Drivenes
-privat barnehageaktør frå Austevoll-

SOL- LI BARNEHAGE

5392 Storebø

Tlf. 55 08 63 49 Mob. 928 91 381

Mailadr.: adrivenes@yahoo.no

Org.nr. 971 493 348 MVA

AUSTEVOLL KOMMUNE
5392 STOREBØ

AUSTEVOLL KOMMUNE	
Arkivsaknr. 10/1782	Saksans.
29 NOV. 2010	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
Løpnr.	Dok.nr.
Klassifisering	



Jessheim 25. november 2010

Viser til konkurranseinvitasjon i forbindelse med ny barnehage på Storebø.

Læringsverkstedet AS ved Karade Kunnskapsutvikling AS leverer herved vårt bidrag i samarbeid med Konsmo Fabrikker og Øvre Romerike Prosjektering (ØRP). ØRP vil være ansvarlig for prosjektering av utomhusarealene og Konsmo produserer bygget.

Vi legger stor vekt på å bruke lokale aktører under byggeprosessen og har god dialog med Austevoll Trelast i den forbindelse, uten at særskilt avtale er inngått pr dags dato.

KOMPETANSE OG ERFARING

Læringsverkstedet er en nasjonal, privat barnehageaktør med over 25 barnehager i Norge. Flere av barnehagene er oppført etter at vi har vunnet anbudskonkurranser i kommunal regi. Som en referanse på dette kan vi nevne Læringsverkstedet Vestadbakken i Trysil, og Læringsverkstedet Slattum i Nittedal. I tillegg vant vi nå i november en konkurranse blant 4 store nasjonale aktører om bygging og drift av en 4 avdelings barnehage i Asker. Denne vil stå ferdig til august 2011.

Vår bidrag til konkurransen i Asker kommune legges ved som eksempel i vårt tilbud til Austevoll kommune.

I vårt driftskonsept og i vår pedagogikk legger vi stor vekt på sammenhengen mellom visjon og et realistisk driftskonsept. **Med et realistisk driftskonsept mener vi at det skal være gjennomførbart for den enkelte barnehage å følge dette konseptet i hverdagen.** Slik at det er sammenheng mellom hovedkontorets visjoner, og hva som faktisk blir utført i den enkelte barnehage.

Vår erfaring er at det kan være sårbart å overlate alt ansvaret for driften til styrer og personalet. Vi kvalitetssikrer dette gjennom vårt eget utviklede ukesprogram, samt at vi har opplæring hver måned for alle ansatte i alle barnehagene.

ANBUDEFRIST 29. NOVEMBER 2010

Vi anser innleveringsfristen på konkurransen i Austevoll kommune for relativt kort, og har derfor valgt å ta utgangspunkt i noen av våre tidligere prosjekter som bidrag i denne konkurransen.

Læringsverkstedet velger å levere inn 2 hovedforslag for etablering av ny barnehage på Storebø. Dette etter grundig dialog og samtale med 2 lokale pedagoger, som kjenner godt til barnehagesituasjonen i kommunen.

- Alternativ 1 er etablering av ny 4 avdeling barnehage i Gråsidalen
- Alternativ 2 er etablering av ny barnehage på tomta hvor Småtun barnehage står pr i dag.

Se vedlegg for fullstendig beskrivelse av alternativene.

AUSTEVOLL KOMMUNES KRITERIER FOR VALG AV AKTØR

Viser til epost datert 16.november 2010 fra Wenche Gløppen i Austevoll kommune, hvor det bekreftes at kriteriene som er nevnt i konkurransegrunnlaget ikke er listet opp i prioritert rekkefølge.

Byggetid/ferdigstillelse av barnehagebygget

Læringsverkstedet kan ferdigstille barnehagen til AUGUST 2011. Tidspunkt for ferdigstillelse er satt med utgangspunkt i følgende:

Ved bygging på tomten til Småtun barnehage:

- Byggestart før overtakelse, evt tidligere overtakelse av driften.
- Barn overflyttes fra eksisterende barnehagebygg til midlertidige lokaler i februar 2010.
- Byggeperiode beregnes fra mars - august 2011

Ved bygging av ny barnehage i Gråsidalen:

- Kort behandlingstid hos kommunen
- Byggestart mars 2011
- Byggeperiode beregnes fra mars - august 2011

Vi benytter oss av elementbygg fra Konsmo Fabrikker. Elementene produseres samtidig som vi utfører grunnarbeid på tomten.

Ansattes lønn og rettigheter

Læringsverkstedet vil inngå tariffavtale med ytelsesbasert pensjonsavtale hos PBL-A for de ansatte.

For mer info, se vedlegg.

Pris for kjøp av tomt

Vi har tatt utgangspunkt i hva de lokale eiendomsaktørene tar som kvadratmeterpris for sine boligtomter i vårt pristilbud for kjøp av tomt. Pris: kr 500,- pr kvm. tomt.

Læringsverkstedet står for kostnaden for riving/demontering og deponering av eksisterende barnehagebygg. I følge lokal entreprenør som har kikket på bygget, vil dette komme på ca. 225 000,- NOK + mva.

4 AVDELINGS BARNEHAGE – ARKITEKTONISK TILPASSET

Læringsverkstedet har tidligere samarbeidet med Snøhetta Arkitekter for oppføring av barnehage på Dal i Eidsvoll. (Læringsverkstedet barnehage Bjørnsrud Skog.)

Som tidligere nevnt i vårt tilbudsbrev, tar vi i denne konkurransen utgangspunkt i noen av våre tidligere prosjekter. Vi har valgt å legge ved bygget vi skal oppføre i Asker kommune, da dette er vårt siste prosjekt (og ennå ikke påbegynt) samt barnehagen vår i Hurdal som åpnet i 2010.

Begge prosjektene er 4 avdelings barnehager, med forskjellig uttrykk. Dersom vi skal starte et prosjekt i Storebø, vil bygg og arkitektonisk uttrykk tilpasses Austevoll kommune.

Barnehagebygget som skal oppføres i Asker kommune er tegnet med utgangspunkt i Snøhetta sitt bygg i Eidsvoll, men tilpasset tomten og andre gjeldende forhold ved tomten. Vedlagte tegninger er kun skissert og kan justeres etter ønske. Arkitektonisk uttrykk ble tilpasset de nye blokkene som grenser til den fremtidige barnehagen.

Dette er en 4 avdelings barnehage på ca BRA 740 kvm. for ca 76 barn. Barne- og familiedepartementets veiledende norm for netto leke- og oppholdsareal er 5,33 m² for barn under 3 år og 4 m² for barn over 3 år. Ved maksimal utnyttelse av barnehagen kan det være plass til 137 barn over 3 år. Barnehagens netto leke- og oppholdsareal er ca 550 m².

Barnehagen i Hurdal er også en 4 avdelings barnehage. BRA er 740 kvm for 76 barn. Barne- og familiedepartementets veiledende norm for netto leke- og oppholdsareal er 5,33 m² for barn under 3 år og 4 m² for barn over 3 år. Ved maksimal utnyttelse av barnehagen kan det være plass til 137 barn over 3 år. Barnehagens netto leke- og oppholdsareal er ca 520 m².

ENERGIEFFEKTIVE LØSNINGER

Læringsverkstedet har lagt vekt på å prosjektere en energieffektiv barnehage. Vi har prosjektert en kompakt bygningsmasse. Vi bruker laminerte vinduer med sol-demping mot sør/øst/vest for å gi en komfortabel innetemperatur hele året.

Læringsverkstedet bygger ENØK bygg – lavenergihus med vannbåren varme, hvor varmepumper benyttes som oppvarmingskilde for vannvarmen.

Henviser til vedlagte KNX rapport for styring av ventilasjon/varme/lys.

UNIVERSELL UTFORMING

Læringsverkstedet har utarbeidet en egen sjekklister for universell utforming av sine barnehagebygg. Universell utforming av både utearealet og barnehagebygget vil bli ivaretatt.

Som eksempel nevner vi (dersom nødvendig) innvendig heis, inngang fra terreng direkte til alle avdelinger, lekeområde på terreng ut fra begge avdelinger.

Henviser til vedlagte sjekklister.

UTOMHUSPLAN

Vedlagt ligger eksempel på utomhusplan utarbeidet i forbindelse med noen av våre prosjekter. Asker følger også her. Samt et prosjekt i Østre Toten kommune. Dette for å vise hvor variert vi kan lage utomhusarealet, samt for å vise forskjell på tomtestørrelse på barnehagetomter.

ANNET

Dersom Læringsverkstedet er aktuell som utbygger, håper vi på en god dialog med Austevoll kommune med en åpenhet fra vår side til å justere forhold ved bygget eller prosjektet slik vi her

presenterer det. Læringsverkstedet arbeider bevisst med det pedagogiske innholdet i barnehagen, og tror at vårt konsept kan bidra med bredde i barnehagetilbudet i Austevoll kommune.


Vennligst ta kontakt dersom det ønskes nærmere utdyping / informasjon.

Kontaktperson:

Hans Jacob Sundby, tlf: 63 94 62 50, e-post: hjs@laringsverkstedet.no.

Marit Rasmussen, tlf: 63 94 62 50, e-post: mra@laringsverkstedet.no

Vennlig hilsen



Hans Jacob Sundby

Karade Kunnskapsutvikling AS

Postboks 215

2051 Jessheim

Tlf: 63 94 62 50

Org nr 981 538 648

ALTERNATIV 1 – NY BARNEHAGE I GRÅSIDALEN.

(se vedlagte kartutsnitt for plassering av tomt)

Læringsverkstedet har i lengre tid vært i dialog med to lokale pedagoger fra Austevoll ang etablering av ny barnehage i Austevoll kommune.

Utgangspunktet vårt var å starte opp midlertidige barnehageplasser i Storebø Grendehus, og drive barnehage derfra, frem til evt. ny barnehage ble ferdig i Gråsidalen.

Av ulike årsaker ble dette aldri realisert.

Den siste tiden har situasjonen i kommunen endret seg, men vi har på bakgrunn av vårt tidligere arbeid med denne saken valgt å bruke deler av vår startplan som et alternativ til Austevoll kommune når de nå inviterer til konkurranse om ny barnehage på Storebø.

Vi har tilgang til en romslig tomt i Gråsidalen gjennom Austevoll Trelast, og ønsker å benytte denne tomten som alternativ til utbygging/oppgradering av eksisterende Småtun barnehage.

Tomten er romslig og ligger i nærhet til strand. Dette gir unike muligheter til å la barna få daglig innblikk på livet i fjæren, noe som står sentralt i Austevoll.

Med friluftsområder som skog og mark i umiddelbar nærhet, vil barnehagen ha tilgang til flott turterreng, og kan etablere lavvo, bål plass etc. innen gangavstand fra barnehagen.

Tomten i Gråsidalen har en sentral beliggenhet i forhold til store arbeidsplasser i Storebø. Det er også nærhet til skole, helsestasjon, samt kommunesentrum.

Nærhet til skole ser vi på som vesentlig, da overgang skole – barnehage er noe vi har fokus på i Læringsverkstedet.

Læringsverkstedet er villig til å overta driften av Småtun barnehage så snart kommunen ønsker (1.august 2011 i henhold til brev fra kommunen), og evt. drive denne mens bygget i Gråsidalen ferdigstilles.

Tidspunkt for ferdigstilling av ny barnehage i Gråsidalen avhenger av kommunens behandlingstid. Læringsverkstedet har en byggetid på 5-6 mnd.

Slik vi ser det, er likevel den største fordel ved å bygge nytt barnehagebygg i Gråsidalen at barn og ansatte slipper å flytte ut av barnehagen under bygging av ny barnehage på tomten til Småtun, for så å flytte tilbake når nye lokaler står ferdig.

For barn som står på venteliste pr i dag, kan vil tilby plass i midlertidige lokaler i Storebø Grendehus. Vi har pr i dag avtale med Grendelaget om leie av lokaler til barnehagebruk.

Som vedlegg til vårt tilbudsbrev finner dere tegninger på 2 forskjellige barnehagebygg. Begge prosjektene er 4 avdelings barnehager, med forskjellig uttrykk, og passer begge inn på tomten i Gråsidalen.

Dersom vi skal starte et prosjekt i Storebø, vil bygg og arkitektonisk uttrykk tilpasses Austevoll kommune.

ALTERNATIV 2 – NY BARNEHAGE PÅ TOMTEN TIL SMÅTUN BARNEHAGE

Austevoll kommune ønsker at ny barnehage skal bygges på tomten til eksisterende Småtun barnehage, så sant utbygger kan komme med gode mellomsøsninger for dette.

Vi har fått opplyst at gnr/bnr 43/243 i Austevoll kommune er på ca 4 daa.

Se vedlagte kart for vårt utgangspunkt i tomtestørrelse.

Læringsverkstedet har, i samarbeid med en lokal eiendomsutvikler/entreprenør, vurdert mulighetene for bygging av nytt barnehagebygg mens driften fortsetter i Småtun barnehage. Det er ikke plass på tomten til å oppføre nytt bygg mens barna fortsetter å være i eksisterende barnehagebygg.

Den beste løsningen vil derfor være å flytte barna til et midlertidig lokale i påvente av at nytt bygg oppføres på tomten, for så å flytte tilbake når barnehagen er ferdigstilt.

Alternativ til midlertidig lokale kan være Storebø Grendehus, men Læringsverkstedet har ikke gjort undersøkelser på hvor mange barn som får plass her.

Vi jobber med å finne andre midlertidige lokaler.

Læringsverkstedet er villig til å overta driften av Småtun barnehage så snart kommunen ønsker (1.august 2011 i henhold til brev fra kommunen), og evt. drive denne videre i midlertidige lokaler mens nytt bygg ferdigstilles.

Tidspunkt for ferdigstillelse av ny barnehage i Gråsidalen avhenger av kommunens behandlingstid, Læringsverkstedet har en byggetid på 5-6 mnd.

Som vedlegg til vårt tilbudsbrev finner dere tegninger på 2 forskjellige barnehagebygg. Begge prosjektene er 4 avdelings barnehager, med forskjellig uttrykk, og passer begge inn på tomten i Gråsidalen.

Dersom vi skal starte et prosjekt i Storebø, vil bygg og arkitektonisk uttrykk tilpasses Austevoll kommune.

Austevoll kommune
v/Ordfører Helge Andre Njaastad
5392 Storebø

29.11.2010

- **Tilbud om etablering av Storebø FUS barnehage**
- **Tilbud virksomhetsovertakelse Småtun barnehage**

Fire år etter at vi overtok de kommunale barnehagene på Selbjørn og Hundvåkøy er Trygge Barnehager glade for å kunne presentere et nytt tilbud til Austevoll kommune.

Vi tilbyr oss virksomhetsoverdragelse av Småtun barnehage med alle ansatte og barn. Vi tilbyr i tråd med Kommunestyrets vedtak å overta alle barn og ansatte fra 1.8.

Vi tilbyr videre:

- Etablering av ny barnehage med et ideelt, ikke økonomisk formål. Trygge Barnehager vil ikke ta ut utbytte av driften av barnehagen. Barnehagen vil også eie egen bygning og betaler således kun husleie til seg selv.
- Etablering av en barnehage med tre avdelinger som kan operere økonomisk med et barnetall mellom 45 og 60 barn.
- Trygge arbeidsplasser med lønns- og pensjonsvilkår likeverdig det de ansatte har i kommunen i dag
- Å kjøpe Småtun barnehages tomt for **kroner 2 000 000,-**. Vi vil sanere bygget og bygge nytt på samme sted. Inventar og løsøre i dagens barnehage følger med som kompensasjon for rivningskostnadene.
- Å viderefremde tilbud fra Storebø grendehus som innebærer at Storebø barnehage kan flytte dit i byggeperioden. Vi ser for oss at det skjer senest 1. mars.
- **Ny barnehage klar til 5. august 2011**, gitt at Småtun barnehage flytter til midlertidige lokaler som nevnt over.

Gjennomførbarhet av planene

Slik vi forstår dette punktet, så er det et krav til oss om å sannsynliggjøre at vi vil klare å få finansiert en barnehage innen de frister vi har angitt, samt overbevise om at driftsbudsjettene er realistiske i ft kundegrunnlaget og tilskuddsnivået til kommunen.

Finansiering:

Vår erfaring er at Husbanken det siste året stiller krav til garanti på alle prosjekter hvor det kan stilles spørsmålstegn ved behovet. På Storebø er det i dag en viss underdekning av plasser. Samtidig har kommunen, sett under ett, ikke behov for flere plasser. På bakgrunn av denne situasjonen er vi ganske sikre på at Husbanken ikke vil gi lån uten garantikrav til en barnehage med størrelse over tre avdelinger.

Trygge Barnehager etablerer i disse dager Sauafjellet barnehage i Sund kommune. Denne er et godt eksempel på Husbankens policy. Har måtte vi stille bankgaranti på mange millioner kroner. Trygge Barnehager er et solid selskap og har anledning til det, uten at planene stopper opp. Dersom en ny barnehage på Storebø dimensjoneres over tre avdelinger vil det med stor sannsynlighet utløse garantikrav. Videre vil en stor barnehage også medføre overetablering i Storebø-området med de konsekvenser det får for alle som driver barnehage der.

Driftstilskudd:

Med ny rammefinansiering av barnehager og statlige satser for tilskudd, er det relativt greit å beregne hva barnehagen vil motta i tilskudd for et gitt antall barn. Vi har utarbeidet driftsbudsjetter for barnehagen hvor inntektssiden er basert på de nasjonale tilskuddssatsene for 2011. Utgiftssiden er basert på budsjettene og regnskapstallene til Bekkjarvik FUS barnehage (ett unntak – vi har som Husbanken krever budsjettet med 7% rente).. Vi er således trygge på at vår barnehage kan realiseres innenfor de rammene som gjelder i Austevoll kommune.

Framdrift:

Med henvisning til utvidelsen av Sjøliv FUS barnehage i sommer, der vi i nært samarbeid med kommunen klarte etablering av en helt ny avdeling på 11 uker, lover vi å ha ny barnehage ferdig til skolestart gitt at vår tidsplan følges også av kommunen.

Framdriften forutsetter at kommunen klarer å behandle en komplett ettrinns søknad om Ramme- og Igangsettingstillatelse innen tre uker etter mottak.

Videre forutsettes det at kommunen raskt etter vedtak 13.12. starter forberedelsene for flytting til midlertidige lokaler. 1. mars er det viktig å kunne være i gang med byggearbeidene på nybarnehagen. Vi vedlegger egen fremdriftsplan sammen med søknaden.

Profil:

Barnehagen overtar dagens Småtun barnehage og vil som utgangspunkt legge dennes årsplan til grunn for virksomheten og profilen.

I samarbeid med dagens ansatte vil vi så drøfte og planlegge eventuell justering av profil og satsingsområder. Med nytt bygg, to samarbeidende barnehager med egne båter, ny buss


(sjåfør + 16 passasjerer) og 4 -5 nyansatte, vil det åpne seg mange nye muligheter for barnehagen.

Vi er sikre på at et årsplan arbeid som tar utgangspunkt i dagens personale, den kompetanse og interesser de har, supplert med de ovennevnte mulighetene, vil bli veldig stimulerende for alle parter. Vi vil for orden skyld legge til at vi er tro mot at årsplaner utarbeides lokalt og vedtas lokalt.

Vi vil altså satse på å kjøpe inn en buss som skal deles mellom våre tre barnehager. På samme måte vil også båtene til barnehagene i Bekkjarvik og Hundvåkøy stilles til disposisjon for Storebø FUS barnehage. Bussen gjør det enkelt for barnehagene å kunne dele ressurser, samarbeide og å komme seg ut til alternative lekeområder. Barnehagen vil utstyre to av de ansatte med nødvendig sertifikat.

Vi håper Austevoll kommune synes vårt tilbud er interessant. Dersom vi skulle være så heldig å bli foretrukket som samarbeidspartner, er vi klare til å starte arbeidet som skal sikre kommunen en splitter ny barnehage allerede til skolestart.

Vennlig hilsen
For Trygge Barnehager as



Knut T. Smedsvig
Rådgiver

Vedlegg:

- fullmaktsskjema
- driftsbudsjett basert på tre avdelinger og 54 barn
- plantegninger
- fasadetegninger
- fremdriftsplan



Austevoll kommune

Sol-li barnehage v/Ann-Elen Waage Drivenes

5392 STOREBØ

Vår ref. 10/1702-10/16593/WGL	Arkivkode FA-A10	Dykkar ref.	Dato 01.12.2010
---	----------------------------	--------------------	---------------------------

Invitasjon til forhandlingar - verksemdovertaking av Småtun barnehage

Rådmannen i Austevoll inviterer til forhandlingar i samband med verksemdovertaking av Småtun barnehage.

Austevoll kommunehus, møterom rådmannskontoret **tysdag 7.12.2010**

Kl 12.30: Trygge barnehager AS

Kl 13.30: Læringsverkstedet

Kl 14.30: Sol –li barnehage

Det er ynskjeleg at alle tilbydarar er tilgjengeleg frå kl 12.30 til kl 16.00.

Undervisning og kultur

Rolf Nøstdal
Rådmann

Dette dokument er elektronisk godkjent og treng difor ikkje underskrift.

Dok.dato	Tittel
01.12.2010 15:44:51	Tilbod om verksemdovertaking av Småtun barnehage - opningsprotokoll



Austevoll kommune

Trygge barnehager AS v/ Knut Smedsvik
Postboks 420

5501 HAUGESUND

Vår ref. 10/1702-10/16593/WGL	Arkivkode FA-A10	Dykkar ref.	Dato 01.12.2010
---	----------------------------	--------------------	---------------------------

Invitasjon til forhandlingar - verksemdovertaking av Småtun barnehage

Rådmannen i Austevoll inviterer til forhandlingar i samband med verksemdovertaking av Småtun barnehage.

Austevoll kommunehus, møterom rådmannskontoret **tysdag 7.12.2010**

Kl 12.30: Trygge barnehager AS

Kl 13.30: Læringsverkstedet

Kl 14.30: Sol –li barnehage

Det er ynskjeleg at alle tilbydarar er tilgjengeleg frå kl 12.30 til kl 16.00.

Undervisning og kultur

Rolf Nøstdal
Rådmann

Dette dokument er elektronisk godkjent og treng difor ikkje underskrift.

Dok.dato	Tittel
01.12.2010 15:44:51	Tilbod om verksemdovertaking av Småtun barnehage - opningsprotokoll



Austevoll kommune

Læringsverkstedet AS v/ Marit Rasmussen
Boks 215

2051 JESSHEIM

Vår ref. 10/1702-10/16593/WGL	Arkivkode FA-A10	Dykkar ref.	Dato 01.12.2010
---	----------------------------	--------------------	---------------------------

Invitasjon til forhandlingar - verksemdovertaking av Småtun barnehage

Rådmannen i Austevoll inviterer til forhandlingar i samband med verksemdovertaking av Småtun barnehage.

Austevoll kommunehus, møterom rådmannskontoret **tysdag 7.12.2010**

Kl 12.30: Trygge barnehager AS

Kl 13.30: Læringsverkstedet

Kl 14.30: Sol –li barnehage

Det er ynskjeleg at alle tilbydarar er tilgjengeleg frå kl 12.30 til kl 16.00.

Undervisning og kultur

Rolf Nøstdal
Rådmann

Dette dokument er elektronisk godkjent og treng difor ikkje underskrift.

Dok.dato	Tittel
01.12.2010 15:44:51	Tilbod om verksemdovertaking av Småtun barnehage - opningsprotokoll

Møtereferat

Til:

Laila Persson Haugland
Rolf E. Nøstdal
Småtun barnehage

Kopi til:

Liv Margareth Østervold

Frå :

Wenche Gloppen

Ikkje offentleg Utsett innsyn**Vår ref.**

10/1702- 23/WGL

Arkivkode

FA-A10

Dykkar ref.**Dato**

08.12.2010

Referat frå møte med tilsette i Småtun barnehage 8.12.2010

Møtet vart halde i Småtun barnehage frå kl 08.30.- 09.25

Til stades: Laila P Haugland, Svanaug Haveland, Janne M Hausberg, Audny Bussesund, Siv Lorgen, Rolf Nøstdal, Wenche Gloppen

Rådmannen orienterte om forhandlingar med dei tre aktørane Trygge barnehager, Læringsverkstedet og Sol-li barnehage som vart gjennomført tysdag 7.desember 2010.

Dato for overtaking:

I forhandlingane var det starta med dato for overtaking av Småtun barnehage. Barnetal i kommunal barnehage pr 15.12.2010 gjer at kommunen når det gjeld kommunalt tilskot til private barnehagar kjem ugunstig ut økonomisk i 2011.

Frå overtakelsesdato kan kommunen nytta nasjonale satsar ved utrekning. Det er difor gunstig for kommunen at nye aktørar tek over ansvar for barnehagen så tidleg som mogleg. Alle tre aktørane kan overta ansvar for drifta frå og med 15.02.2011.

Pris og bygg:

Etter forhandlingar har Læringsverkstedet og Trygge barnehager tilbydd 2,5 mill for tomte og ynskjer å sanere for å bygge nytt.

Sol-li barnehage vil betale 2 mill og ynskjer å renovera bygget og bygge tilbygg.

Storleik:

Læringsverkstedet: 4 avdelingar 76 barn

Trygge barnehager: 3 avdelingar 45- 60 barn

Sol-li barnehage: 4 avdelingar 70 barn

Alle har vurdert tomtestorleik i forhold til nybygg.. I forhandlingane er det ikkje forhandla om bygging andre stader enn på eksisterande tomt.

Tilsette:

Same betingelsar som i kommunen og minst same løn og pensjon som dei har i dag.
Læringsverkstedet og Sol-li barnehage: Vil driva ny barnehage med same styrer som i Småtun i dag.

Trygge barnehager ynskjer intervjurunde før dei tek stilling til kven som skal vera styrar.
Noverande styrar vil ved eventuell overgang til ny stilling behalde same løn og pensjonsvilkår som i dag.

I byggeperioden:

Sol-li barnehage: barna kan vera i noverande barnehage medan nybygg vert reist. Sol-li har vore i kontakt med helsevernetaten angående dette.

Trygge barnehager :Må finne mellombels løysing, eit alternativ er Storebø grendahus
Læringsverkstedet: Må finne mellombels løysing, har to alternativ- Storebø grendahus og Småtroll barnehage på Vinnes

Kommunen meiner at ein om mogleg må prøve å finne ein mellombels lokalitet på Storebø som kan brukast til barnehage.

Anna:

Trygge barnehager vil kjøpe buss som som alle tre Trygge barnehager – barnehagar i kommunen kan dela. To tilsette vil få tilbod om å utvida sertifikatet. Trygge barnehager har tilbod om båt.
Læringsverkstedet vil også kjøpe buss.

Trygge barnehager seier at tomte vil sjå annleis ut ved overtaking – vil t.d fjerne problem med vatn på tomte.

Det vert jobba for å få justert tomtegrensene.

Tilboda elles er like, men Sol-li barnehage betalar 0,5 mill mindre og vil renovera /bygge tilbygg. Dei to andre vil bygge nytt bygg. Det kan difor bli slik at Trygge barnehager og Læringsverkstedet blir ståande igjen som aktuelle kjøparar.

- a) Er det ein fordel å ha tre barnehagar frå same aktør som kan samarbeide?

Spørsmål og uttale frå tilsette i Småtun barnehage

1. Kva skjer dersom tilsette ikkje vil vera med over til ny barnehageaktør?

Svar frå rådmannen med forbehold om feil sidan det er andre i kommunen som har ansvar for dette:

- Det vert drøftingsmøte med organisasjonane
- Drøftingsmøte med kvar einskild tilsett
- Dei som ikkje vil vera med over til ny barnehageaktør vil ha fortrinnsrett i forhold til kommunale stillingar dei er kvalifisert for i ei viss tid. Ved verksemdovertaking vil den tilsette gå foran alle andre med fortrinnsrett.

Alt dette vil dei tilsette få grundig informasjon om.

2. I Storebø grendahus må bygg og uteområde tilpassast barnehagedrift.
3. Samarbeidsutvalet for Småtun barnehage har uttalt at Storebø grendahuset i denne perioden ikkje bør brukast som festlokale.
4. Bør det leigast meir område rundt Storebø grendahus til uteområde?
5. Samtlege tilsette ynskjer at Trygge barnehager skal overta barnehagen.

Saksgang vidare:

- Politisk sak blir skriva ferdig helst i dag, seinast i morgon
- Utkast til sak utan tilråding vert sendt ut til dei tre tilbydarane for å sjekke at det ikkje er misforståingar og til Småtun barnehage som kan kome med uttale.

Saka er unnateke offentleg innsyn inntil rådmann har godkjent saka.

AUSTEVOLL KOMMUNE

MØTEBOK FOR SAMARBEIDSUTVALET I AUSTEVOLL KOMMUNE SMÅTUN BARNEHAGE

Arkivkode P	
Arkivkode S	A10
Løpnr.	
Kassasjøsår	

07 DES. 2010

Traktement	10008	Sekshans	WBL
------------	-------	----------	-----

MØTEDATO : 02. DESEMBER- 10 .

MØTESTAD : SMÅTUN BARNEHAGE

DESSE MØTTE : SYNNE S. TOTLANDSDAL, MORTEN MORTVEDT,
RAGNHILD ALGRØY, MARIANNE JARNES,
HELGE ANDRE NJÅSTAD OG LAILA PERSSON HAUGLAND.

TORFINN GRAV MØTTE IKKJE

HANDSAMA SAKER FRÅ 6 / 10 – 7 / 10

HOVUDUTSKRIFT ER SENDT MEDLEMENE I SAMARBEIDSUTVALET OG
AUSTEVOLL SKULEKONTORET

SAK 6 / 10 GODKJENNING AV PROTOKOLLEN FRÅ FORRIGE
MØTE

PROTOKOLLEN FRÅ FORRIGE MØTE VART GODKJENT UTAN
MERKNADER

SAK 7 / 10 SMÅTUN BARNEHAGE

Ordfører Helge Andre Njåstad orienterte om stoda kring Småtun barnehage. Det har ikkje meldt seg fleire aktørar som ynskjer å overta Småtun barnehage.

Samarbeidsutvalet har kome med nokre merknader :

- samarbeidsutvalet vil at det skal byggjast på eksisterande tomt
- mellombels løysing, meir detaljert opplegg om korleis ting skal gjerast i grendahuset, huset og uteområdet skal vera godkjent som barnehage
- tilrettelagt uteområde
- forbod mot festar i grendahuset den tida barnehagen er leigetakar
- viktig med lokale planar
- personalet ynskjer å verta involvert i planløysingar av bygget
- ynskjer avdelingar istadenfor basar
- løysing på parkeringtilhøva tilknyta barnehagen

SAKSFRAMLEGG

Saksnr	Utval	Møtedato	Sakshandsamar
148/10	FORMANNSKAPET	16.11.2010	Wenche Gloppen
178/10	KOMMUNESTYRE	13.12.2010	Wenche Gloppen

Arkivsaknr. 10/1922	Arkiv: FE-144, FA-C20
---------------------	-----------------------

Plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsliv i Austevoll kommune 2011-2014

16.11.2010 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

FSK-148/10 Vedtak:

Austevoll formannskap sender Plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsliv i Austevoll kommune i perioden 2011 -2014 ut på høyring med høyringsfrist 03.12.2010.

Rådmannen si tilråding til kommunestyremøte 13.12.2010:

Kommunestyre godkjenner plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsliv med følgjande endring:

1. Vinnes skule/Vinnesvåg aktivitetshus vert lagt inn som prioritet 1 under kulturbygg.
Amfi/scene Storebø vert prioritert som nr. 2.

Rådmannen si tilråding til formannskapsmøte 16.11.2010:

Austevoll formannskap sender Plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsliv i Austevoll kommune i perioden 2011 -2014 ut på høyring med høyringsfrist 03.12.2010.

Vedlagte saksdokument:

Dok.dato	Tittel
08.11.2010	Plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsliv i Austevoll kommune i perioden 2011 -2014
02.12.2010	SIL Banenemnd/Flerbrukshall - innspel om vurdering i forhold til plan
02.12.2010	Plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsliv - svar om prioritering
03.12.2010 12:10:26	Innspel frå Storebø Vel -Plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsliv
07.12.2010	Innspel til ny plan 7 desember 2010 Hordaland fylkeskommune
10.12.2010	Høyringsinnspel desember 2009 Hordaland fylkeskommune

Bakgrunn for saka:

Austevoll kommune skal kvart år oppdatere plan og prioritering av søknader om spelemidler. Kommunen har fått sentral søknadsfrist 15. når det gjeld søknader om spelemidler til idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og anlegg for friluftsliv. Søknadsfrist for søknader som gjeld kulturbygg er 15. mars kvart år. For at kommunen skal kunne handsame søknadane og kome med råd om eventuelle endringar eller be om nye vedlegg, må søknadene vera registrert i god tid før kommunen sin frist går ut.

Alle spelemiddelsøknader er lagt inn i anleggsregisteret www.idrettsanlegg.no. Dette er tilgjengeleg for alle via internett. Alle søknader må frå komande søknadsrunde registrerast der. Det er difor viktig i forkant å ha alle vedlegg vera klar før søknad vert registrert og sendt inn. Innsendinga går i første omgang til Austevoll kommune for sakshandsaming. Det er utarbeida ei sjekklister for kva som krevst for at ein søknad skal kunne godkjennast.

I Plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsliv må dei ulike søknadene vera prioriterte om dei skal takast med i denne søknadsrunden.

Austevoll kommune har informert skular og organisasjonar om den forenkla ordninga til mindre kostnadskrevjande nærmiljøanlegg. Det er kjent for kommunen at det vert jobba for å få til aktivitetsanlegg i ulike nærmiljø i kommunen, men førebels har ingen starta søknadprosessen. Her er det ingen søknadsfrist og behandlingstida er kort. Desse anlegga treng ikkje stå i planen på førehand.

Informasjon frå fylkeskommunen om søknader og prosessen:

- **Målgruppe**
Søklarar om tilskot av spelemidler til idrettsanlegg kan vere kommunar, fylkeskommunar, idrettslag, andelslag eller andre samanslutningar. Bygging og rehabilitering av idrettsanlegg skal vere opne for allmenn, idrettsleg verksemd, og ikkje underlagt kommersielle interesser.

- Søklarar om tilskot av spelemidler til nærmiljøanlegg kan vere kommunar, fylkeskommunar, idrettslag, velforeningar, borettslag, andelslag eller andre samanslutningar.

- **Føremål**
Spelemidler til idrettsføremål skal bidra til at ein større del av befolkninga høve til å drive idrett og fysisk aktivitet. Kommunen gir rettleiing og behandlar søknader om

statlige spelemidler til anlegg og områder for idrett og friluftsliv. Det kan søkjast om tilskot til

- nybygg av idretts- og friluftsanlegg
- rehabilitering av idretts- og friluftsanlegg nærmiljøanlegg

▪ **Kriterier**

Anlegget må vera med i ein vedteke kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet. Det føreset at organisasjonane gjev sine innspel i planprosessen i samband med kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet.

Vurdering:

Spelemidler og prioritering 2010:

Når kommunen søkjer via fylkeskommunen er systemet lagt opp slik at søknadene vi sender frå oss må vera prioriterte og politisk forankra. Det er difor formålstenleg å prioritera anlegg som har fått delutbetaling tidlegare år høgast og deretter anlegg som er ferdig bygd.

Anlegg er prioriterte ut frå fylgjande kriteria:

- a) Når anlegget var/er ferdig
- b) Tiltak som fører til nye aktivitetar som ein antar er av allmenn interesse.

Ein føresetnad ved innsending av søknader om spelemidler er at søknaden er fullstendig.

Kommunen har hatt som politikk å la mva kompensasjonen kommunen har fått inngå som tilskott til prosjektet. Nokre anlegg har fått mindre tilskot frå kultur / idrettsmidlane som kommunen har auka dei siste åra. Det vert ikkje lagt opp til endring i praksis i komande planperiode.

- Dei nemnde anlegga ventar ein skal gjerast ferdige i perioden 2011 -2014. Ein vonar også at spelemiddeltilskotet skal verta utbetalt i same perioden, men erfaringar gjennom dei siste spelemiddeltildelingane tilseier at ventetida vert endå lengre. Dette må det takast omsyn til i finansieringsplanen.
 - a. Planutkastet vert etter møtet i Formannskapet torsdag 16. november 2010 sendt på høyring med høyringsfrist 03.12.2010 til involverte organisasjonar og velforeningar, idrettsrådet i Austevoll kommune, Bergen og Omland Friluftsråd og Hordaland fylkeskommune med tilbakemeldingsfrist slik at det kan gjerast endeleg vedtak i Kommunestyret i 16. desember 2010.

Merknad til kommunestyre etter høringsfrist:

Ved utarbeiding av utkast til plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsliv vart Vinnes skule/Vinnesvåg aktivitetshus ved ein forglemmelse ikkje lagt inn i planen. Rådmannen vil tilrå at dette vert lagt inn og prioritert som nr. 1. Dei fekk i 2010 delutbetaling spelemidler og vil kunne få tildelt midlar i 2011.

Det er kome inn 2 uttaler til planen, frå Storebø Vel og Selbjørn idrettslag.

Austevoll kommune
5392 STOREBØ

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
201012682-2/713/JGAR

Dykkar ref.:
10/1922-10/15853/WGL

Bergen, 07. desember 2010

Plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsliv 2011 - 2014 - Austevoll - Høyring

Hordaland fylkeskommune har motteke høyringsutkast til *Plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsliv i Austevoll kommune* for perioden 2011-2014. Vi takkar for moglegheit til å kome med innspel på ein plan som er særst viktig i høve til å kunne skape ein aktiv kvardag mellom folk i Austevoll kommune.

I 2009 vart Hordaland fylkeskommune, ved Kultur- og idrettsavdelinga, bede om å kome med førebels innspel på utkast til Austevoll kommune sin *Plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsliv*. Det vart sendt innspel (3. desember, vår ref.: 200904567/8/626/JGAR) der vi kommenterte ulike delar av planen.

I høve til høyringsutkastet ser vi ikkje at det er gjort store endringar og vi ber om at vårt innspel av 3. desember 2009 vert nytta som høyringsinnspel frå Hordaland fylkeskommune.

Vi ønskjer lykke til med planarbeidet.

Med helsing

Anna Elisa Tryti
Fylkeskultursjef

Britt Karen Spjeld
Fylkesidrettssjef

Vedlegg: Innspel til ny plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsliv i Austevoll kommune 2010-2013 (ref.: 20094567-8/626/JGAR)

Austevoll kommune
Ordførar Helge Andre Njåstad
5392 STOREBØ

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse) Dykkar ref.:
200904567-8/626/JGAR

Bergen, 03. desember 2009

Innspel til ny plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsliv i Austevoll kommune 2010-2013

Hordaland fylkeskommune, ved kultur- og idrettsavdelinga, er nøgd med å bli invitert til å kome med innspel til ny plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsliv (2010-2013) i Austevoll kommune.

I vurderinga av planen, er det naturleg å ha fokus på korleis det vert planlagt med omsyn til å leggje til rette for ein aktiv kvardag for folk i kommunen. Innspel til planen er å rekne som rådgjevande.

Følgjande punkt er utgangspunkt for vurderinga av planen:

1. Målsetting for Austevoll kommune sin satsing på fysisk aktivitet (idrett og friluftsliv).
2. Målsetting for anleggsutvikling og sikring av areal for fysisk aktivitet (idrett og friluftsliv).
3. Status for anlegg og aktivitet i kommunen, mellom anna gjennom resultatvurdering av førre plan innan fagområdet.
4. Analyse av kortsiktige og langsiktige behov for anlegg.
5. Samanheng mellom plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsliv og andre planar i kommunen.
6. Prioritert handlingsprogram for utbygging av idretts- og friluftslivsanlegg.
7. Økonomiplan knytt til drift og vedlikehald av eksisterande og planlagde anlegg.
8. Uprioritert liste over langsiktig behov for anlegg.
9. Oversikt (kart) over eksisterande anlegg og område for fysisk aktivitet (idrett og friluftsliv).
10. Oversikt (kart) over kor planlagde anlegg og område for friluftsliv – med arealbehov – skal lokaliserast.

Austevoll kommune har formulert mål i den nye planen i høve til å leggje til rette for aktivitetstilbod for å fremje folkehelsa. Mål frå kommuneplanen, der det står å lese at det skal satsast på kultur, idrett og fritidstilbod for å styrkje trivnaden i kommune, er med på å underbygge ønskje om ein aktiv kvardag for folk på Austevoll. Det hadde vore ønskjeleg med meir målbare mål, slik at det i ei revidering/rullering er enkelt å slå fast om disse måla er nådd. Døme på slike mål kan vere:

- Barn og unge på Austevoll skal ha tilgang til funksjonelle, tidsriktige og gode område for å kunne drive fysisk aktivitet i sitt nærmiljø.

- Alle innbyggjarar i Austevoll kommune skal ha moglegheit til å kunne drive med dagleg fysisk aktivitet.

I høve til anleggsutvikling og sikring av areal for fysisk aktivitet, har Austevoll kommune ei grundig skildring i planen av kva for anlegg som skal byggjast i nærmaste framtid. Det er ikkje gjeve noen generell grunngeving for kvifor det er disse anlegga som skal prioriterast i planperioden. Det hadde vore ønskjeleg at Austevoll kommune var klarare på målsetting for anleggsbygging og sikring av areal for idrett og friluftsliv, spesielt med bakgrunn i kva anleggsstatus i kommunen er per i dag. Dette gjeld både anlegg for den organiserte/eigenorganiserte idretten og i høve til friluftslivsanlegg. I tillegg meiner vi det er naudsynt å lage ei uprioritert liste over langsiktige behov for anlegg. Denne lista bør ha eit langt perspektiv for å kunne møte utfordringar og samordningar som elles vert planlagt i kommunen (som til dømes skuleutbygging).

For å kunne vere klar på kva for anlegg som bør byggjast i ein kommune, vil status for kva type anlegg som finst vere ei nyttig klargjering. Gjennom ein evaluering og resultatvurdering av førre plan og ein oversikt over anleggstatus, vil det vere lettare å setje seg generelle, konkrete og realistiske mål for anleggsutviklinga (og med det aktivitetsutviklinga). I utkast til ny plan er det gjort ei evaluering med utgangspunkt i Kommuneplan 2002-2013. I utkast til ny plan er ikkje *Kommunedelplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv i Austevoll (2000-2003)* evaluert. Ei resultatvurdering av denne planen vil også kunne gje "retning" for ny plan innan fagområdet. Gjennom ei evaluering, vil ein få ei "oppsummering" av kva som har skjedd i høve til fysisk aktivitet i Austevoll kommune. Erfaringar med arbeidet tidlegare vil vere nyttig i høve til arbeidet framover.

Endringar i samfunnet skjer raskt, også innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Behov for anlegg som vart skissert for 6-7 år sida, ut frå kva for fysisk aktivitet folk dreiv med, treng ikkje vere gjeldande for behovet i dag. Dette inneber at det er naudsynt med ei analyse av både langsiktige og kortsiktige behov for anlegg. I det føreliggande planutkastet er det skildra kva som har skjedd i løpet av det siste året, og det vil vere med på å ta avgjerd for kva som bør skje framover. Det er spesielt fint å sjå at det er teke omsyn til kjønn (jf. anlegg for jenter) i høve til kva for aktivitet det bør leggjast til rette for i tida framover. Likevel er vi av den oppfatninga at dette bør vurderast grundigare for å kunne møte dei behov som kjem i åra framover.

For å få ein heilskapleg anleggs- og aktivitetsutvikling i kommunane, er det naudsynt med ei samordning av dei kommunale planane. Det er spesielt viktig at arealbehov for fysisk aktivitet (idrett og friluftsliv) vert synleggjort og teke med som innspel til kommuneplanen sin arealdel. I tillegg er det viktig å sjå "område" som har knytning til kvarandre (t.d. skule, idrett, miljø, reiseliv) i samanheng. Dette er mogleg om knytninga til andre kommunale planar vert skildra i den nye planen. Ei betre skildring av dette vil styrkje den nye planen for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsliv i Austevoll.

Mot slutten av utkast til plan, er det skildra kva for anlegg og område for friluftsliv og idretts- og nærmiljøanlegg som skal prioriterast i planperioden. Ansvar (utbyggjar) for tiltaka går klart fram, i tillegg til at det er stipulert kostnad til noen anlegg. Litt lenger fram i planen er økonomi og finansiering skildra, der kommunen er realistisk i høve til eigen og lag/organisasjonar sin medverknad til driftsutgifter i høve til anlegg. Hordaland fylkeskommune meiner det er naudsynt å knytte utfordringar med drift av idretts- og friluftslivsanlegg til oversikten som er på side 12 og 13 i planutkastet. Dette vil vere med på å synleggjere ei utfordring som Austevoll kommune er klar på må delast mellom kommune og frivillige organisasjonar (som utbyggjarar og driftarar). Det er i dag store utfordringar knytt til drift og vedlikehald av idretts- og friluftslivsanlegg, difor er det naudsynt å synleggjere dette i ein kommunal plan. Ein økonomiplan knytt til drift og vedlikehald av eksisterande og planlagde anlegg er å føretrekke.

I ein kommune(del)plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er det relevant å leggje med kart som viser lokalisering av eksisterande og planlagde anlegg. Det kan gjerne vere fleire og ulike kart. Dette vil vere eit hjelpemiddel i planlegginga framover, både med omsyn til ei visuell forståing for kor anlegga på Austevoll ligg og kor nye anlegg for idrett og friluftsliv er planlagt plassert.

Austevoll kommune sin nye plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsliv er, slik den er presentert, lettlest og oversiktleg. Det er noen manglar ut frå vår erfaring med kommunale planar innan fagområdet, men med visse justeringar kan dette bli ein god plan. Hordaland fylkeskommune viser til *Fylkesdelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv – Aktiv kvar dag – 2008-2012* der vi har skildra råd til kommunane i dei ulike kapitla. Dette er meint som felles utfordringar som kommunane i Hordaland har saman med fylkeskommunen. Gjennom gode planar vil dette vere utfordringar som kan løysast slik at vi alle kan vere med på å skape ein aktiv kvar dag for alle i Hordaland.

Med vennleg helsing

Britt Karen Spjeld (s)
Fylkesidrettssjef

Jens Harald Garden
Rådgjevar

SAKSFRAMLEGG

Saksnr	Utval	Møtedato	Sakshandsamar
104/10	UTVAL FOR PLAN OG BYGGESAK	19.10.2010	Solveig Alvsaker
187/10	KOMMUNESTYRE	13.12.2010	Solveig Alvsaker

Arkivsaknr. 10/680	Arkiv: FA-L12
--------------------	---------------

Gnr. 37 Bnr. 7,160 m.fl. Austevollshella. Godkjenning av dispensasjon for mindre endring på reguleringsplan

19.10.2010 UTVAL FOR PLAN OG BYGGESAK

Handsaming i møtet:

Forslag frå Frp v/Helge Andre Njåstad:

Utval for plan- og byggesak vedtek at søknad om dispensasjon for mindre endring av reguleringsplan for gnr. 37, bnr. 7,160,161 m.fl.Austevollshella, vert godkjend med heimel i PBL § 19-2 i påvente av endring av planen.

Utval for plan og byggesak sender i medhald av PBL § 12-10, § 12-11 og § 12-14 å sende planen på offentleg ettersyn. Det gjeld kart og føresegner datert 8. september 2010.

PLA-104/10 Vedtak:

Utval for plan- og byggesak vedtek at søknad om dispensasjon for mindre endring av reguleringsplan for gnr. 37, bnr. 7,160,161 m.fl.Austevollshella, vert godkjend med heimel i PBL § 19-2 i påvente av endring av planen.

Utval for plan og byggesak sender i medhald av PBL § 12-10, § 12-11 og § 12-14 å sende planen på offentleg ettersyn. Det gjeld kart og føresegner datert 8. september 2010.

Rådmannen si tilråding:

Austevoll kommunestyre vedtek at søknad om dispensasjon for mindre endring av reguleringsplan for gnr. 37, bnr. 7,160,161 m.fl.Austevollshella, vert godkjend med heimel i PBL § 19-2.

Vedtaket vert sendt til Fylkesmannen, grunneigarar og naboar for klagevurdering.

Eksisterande plan er godkjend 14.06.2005, sak 61/05.

Reviderte føresegner og kart er datert 08.09.10.

Vedlagte saksdokument:

Dok.dato	Tittel
11.10.2010	Reguleringsplan endret 08.09.10
11.10.2010	Reguleringsføresegner m.m. september 2010
11.10.2010	Eksisterande plankart

Bakgrunn for saka:

Forslag til endring av reguleringsplanen er utarbeidd av Plan Consult AS på vegne av Alf Ove Østervold.

Oppstartsløyve for endringa av planen vart gjeve i utval for plan-og byggesak den 11.05.10, saknr. 048/10.

Det er ikkje merknader til oppstartsmelding, med unnatak av Hordaland fylkeskommune som viser til at det er registrert ein eldre steinalderbuplass sør for området.

Eigaren av tomt nr. 1 (gb. 37/162) ynskjer å flytte huset lenger nordaust, og vil dermed endre tilsvarande på tomtegrensa.


Iflg. planleggjar har eigar av tomt nr. 2 (37/160) bygd garasje der det i opprinneleg plan var teikna inn grønt område. Byggjegrensa er derimot ikkje endra på kartet.

Som følge av denne garasjebyggjinga har planleggjar også lagt dette området som bustadområde, og vert rekna som ein del av endringa på planen.

Vurdering:

Det gule området i planen vert flytta nordaust, og tilsvarande vert det større grøntområde i sør. Det vil verte lengre avstand frå kraftlina, brua og vegen. Dette er einssidig positivt for busetnaden i planen.

På bakgrunn av dette rår rådmannen til at endring av reguleringsplanen vert godkjend.



TEGNFORKLARING

PBL § 12-5. AREALFORMAL I REGULERINGSPLAN

BEBYGGELSE OG ANLEGG

- Bustader
- Naust
- Plass for bosscainere
- Leik

SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

- Veg
- Område for trafa

GRØNNSTRUKTUR

- Felles nærrområde
- Anna areal

BRUK- OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG MED TILHØRENDE STRANDSONE


- Ferdset i sjø

LINJESYMBOLER

- Planens begrensing
- Formålsgrense
- Byggegrense
- Regulert tomtegrense
- Regulert senterlinje vei
- Eiendoms grense som skal oppheves
- Omriss av planlagt bebyggelse
- Omriss av eksisterende bebyggelse

Kartgrunnlag : euref 89 sone 32

Ekvidistanse 1 m
Kartmålestokk 1: 1000



REGULERINGSPLAN FOR Gnr.37 Bnr.4 Austevollshella v/ Alf Ove Østervold. ENDRING

SAKSBEHANDLING IFLG. PLAN- OG BYGNINGSLOVEN	SAKSNR	DATO	SIGN.
1. gangs behandling i det faste utvalget for plansaker			
Offentlig ettersyn fra			
til			
2. gangs behandling i det faste utvalget for plansaker			
Kommunestyrets vedtak: [eks. plan godkjent 14.06.2005 sak 61/05]			

PLANEN UTARBEIDET AV:	PROSJ.NR	TEGN.NR	SAKSBEH.
 adr. 5392 Storebø tlf: 56180702 mob 97706764 epost: post@planconsult.as	3510	901	
Endret: 08.09.10			



Tiltakshaver:
Alf Ove Østervold m/fl.



REGULERINGSPLAN FOR DEL AV GNR. 37 BNR. 7 ENDRING.

PLANSKILDRING

REGULERINGSFØRESEGNER

SEPTEMBER 2010

INNHALDSLISTE

		side
1	Innleiing	3
2	Planprogram	3
3	Planskildring	3
4	Reguleringsføresegner	7
4.1	Avgrensning av planen	7
4.2	Reguleringsformål	7
4.3	Fellesbestemmelser	10

1 **Innleiing**

Reguleringsplan for del av gnr. 37 bnr.7 i søre del av byggjefelt Austevollshella vart godkjent i Austevoll kommune den 14.06.2005 sak 61/05.
Tiltak innanfor planen er alt gjennomført, m.a. er tilkomsveger og eit bustadhus oppført.

I overordna kommuneplan er område vist som LNF-område, der spreidd busetnad ikkje er tillete.

Gjeldande reguleringsplan vart godkjent etter siste rullering av kommuneplanen datert 02.11.2006.

Av denne grunn er det ikkje samsvar mellom kommuneplanen og reguleringsplanen når det gjeld arealbruken her.

Det er søkt om endring av gjeldande reguleringsplan. Kommunen har gjeve løyve til endring av planen i møte 11.05.10 sak PLA 048/10.

Endringa skal handsamast etter planbestemmelser i PBL gjeldande fra 1/7-2009. Her framgår dei generelle utgreiingskrava som vert stilt til alle plantypene med omsyn til:

Planprogram

Planskildring

Konsekvensutgreiing og samfunnstryggleik

Risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS-analyse)

Ein vurderer planendringa så pass liten i dette høve at det i dette høve ikkje utløyser større utgreiing vedr. ovannemde enn det som framkjem i planskildringa nedanfor.

Plankartet er justert med dei nye føremåla etter PBL fra 2009.

Dei ulike utgreiingskrava er omhandla i punkta nedanfor.

2. **Planprogram.**

For reguleringsplanar som har vesentleg verknad for miljø og samfunn skal det utarbeidast eit planprogram med eit obligatorisk dokument med detaljerte innhaldskrav og tilhøyrande varsling.

Aktuell endring av reguleringsplanen gjeld i hovudsak flytting av veg samt eit mindre bustadområde (tomt nr. 1) innanfor planen. Bustadområde gjeld for 1 stk bustadhus.

Ein vurderer endringa så pass liten at dette ikkje utløyser krav om planprogram etter PBL.

3 **Planskildring**

Lokalisering

Planområdet ligg mellom sjøen og søre grense for noverande bustadfelt på garden Austevollshella, like nordfor parsell av rv 546 Huftarøy-Hundvåkøy.



Kartutsnitt Austevollshella

Tilkomst til planområdet er fra eksisterende veg i tidligere utbygt regulert område på Austevollshella.

3.01 Landskap/estetikk.

Området ligg relativt lunt til med småkupert terreng som heller i austleg retning.

Det blir vektlagt god terrengtilpassing for stier, vegar og for byggjeområda elles.

I tilhøyrande reguleringsføresegner er det sett krav om cotehøgde mønehøgde samt tal på etasjer.

Det vert vektlagt form og materialval i vanlege byggemetoder med stads- og tidsmessige tilpassingar.

3.02 Kulturlandskap og kulturminne.

Så langt ein kjenner til er det ikkje registrert freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne inann aktuelt område.

Fylkeskommunen gjer merksam på at det sunnanfor planområde er registrert eit kulturminne, nemd askeladden id 97206 .

Nærare bestemmelser ved eventuelle funn i område framgår i føresegnene til planen.

3.03 Barne/unge.

Leikeplasser kan opparbeidast samstundes med tomtene innan bustadområda.

Det skal vera ei variert utforming for aktiv bruk dels i naturleg lett kupert terreng og dels som opparbeida areal.

Tilrettelegging av leikeplasser skal ikkje gjerast slik iat fåre kan oppstå verken i naturleg terreng eller opparbeida leikeapparat eller bygning.

Opparbeiding av vegar ,stier, tilkomst skal ha ei variert utforming for aktiv bruk og dei skal for alle vera lette å ferdast på.

3.04 Universell utforming.

Bygningar, utanomhusanlegg, vegar, parkeringsplasser, fellesareal og friluftareal skal utformast slik at dei i hovudsak kan brukast av alle, medrekna barn, eldre og funksjonshemma heile året.

For infrastruktur skal det såleis setjast særlege krav m.a. til stigningstilhøve, vegbreidde mv.

3.05 Støy.

Det ligg ikkje føre støysonekart i område.

Bruken av området som i hovudsak er til bustadføremål tilseier at det truleg vert lite fåre for generande støy.

Når det gjeld støy fra områda utanfor planområde så er det skipslei i sjøområde like austanfor planområdet. Ein vurderer støyulempene fra skipstrafikken som relativ liten.

Sunnanfor er dei siste åra etablert brusamband mellom Hundvåkøy og Huftarøy. Brua er del av riksveg 546 .

P.g.a. terrengtilhøva , der bustadhusa vil liggja lågare i terrenget i høve til nærliggjande bru, vurderer ein det slik at det ikke vert vert vesentlege støyulemper for busetnaden innan planområde.

3.06 Risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS)

Ras

Deler av aktuelt byggeområde ligg til sjøen og har bakland med terreng som heller mot sjøstrandlina i austleg og søraustleg retning.

Grunntilhøva i område er fast fjell delvis med eit relativ tynt lausmasselag tilvaks med gras, lyng og låg vegetasjon.

P.g.a svak helning i terrenget og fast byggegrunn (fjell) vurderast rasfåren å vere svært liten.

Vind

Der er relativ åpent landskap med jamne vindtilhøve. Dominerande vindretning vert fra sør, vest og fra nord.

Det er ikkje fåre for uheldige verknader av kastevinder p.g.a. av terrenghøva.

Havnivå/flaum.

Alle bustadhusa innen planområdet vert liggjande over cote +12 .

Det er såleis inga fare for eventuell flaum p.g.a. havnivå.

Beredskap

Vegar, infrastruktur er planlagt slik at det vert kjørbar veg fram til, eller like i nærleiken til byggeområda

Dette mogeleggjjer god tilkomst for m.a brannbil.

3.07 Energibruk/klimatilpasning.

Område har relativ gode soltilhøve både sumar og vinter.

Bygningene vert i hovudsak plasserte i helningar mot sør og i mindre grad på høgdedrag.

Dette medverkar til eit relativ lågare energibruk i store deler av året.

3.08 Bustader, skule .Barnehage. Forretning og offentleg service.

Planområdet ligg relativ sentralt til i høve til barnehage.

Næraste tettstad med forretningar med bl.a. daglegvarebutikkar er Storebø ca 5 min. køyring med bil/buss.

Til grunnskule i Torangsvåg er ca 15 gangtid .

3.09 Utbyggingsrekkjefylje

Ifrastruktur med interne vegar til tomtene, vatn og avaupsanlegg skal vera ferdig utbygde før byggjeløyve vert gjeve.

4.0 REGULERINGSFØRESEGNER

4.1 AVGRENSING AV PLANEN

Plangrensa tek til ved ende av kommunal veg og føl eigedomsgrensa til gnr. 37 bnr. 81 i sørleg og vidare i sørvestleg retning fram til eigedomsgrensa til gnr. 37 bnr.2. Deretter føl plangrensa denne eigedomsgrensa i austleg retning og ca 15 m ut i sjøen. Vidare i nordaust- og nordvestleg retning parallelt med sjøstrandlina, omlag 15 m fra denne, fram til Apalvika. Herifrå i vestleg retning fram til eigedomsgrensa til gnr. 37 bnr. 124. Vidare føl plangrensa austsida av eigedomane gnr. 37 bnr.124,125,131,137, krysser deler av bnr.127, føl austsida og deretter sørsida av bnr. 83, kryssar kommunal veg og fram til bnr.81 som var utgongspunktet.

4.2 REGULERINGSFØRMÅL

Område regulerast til fylgjande formål:

- | | | |
|-----|---|---|
| .01 | Bebyggelse og anlegg: | Område for bustader
Område for naust
Miljøstasjon
Leik |
| .02 | Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur | Veg
Trafo |
| .03 | Grønnstruktur | Felles nærareal
Anna areal |
| .04 | Bruk og vern av sjø og vassdrag,- med tilhørende strandsone | Ferdsl i sjø og vassdrag |

4.2.01 Bebyggelse og anlegg

Område for bustader

Innanfor regulert bustadområde kan bustader, herunder einebustader og to-manns bustader oppførast i samsvar med planen.

Bygningane kan oppførast i inntil 3 etasjer. Gjeld ikkje tomt nr. 2.

Bygningar med 3 etasjer skal ikkje ha sjølvstendig bustadeining berre i 3. etasje.

Utnyttingsgrad byggjeområde : BYA: Bebygd areal i % av byggjeområde/tomt.

Tomt nr. 1 BYA: 20 %

Tomt nr. 2 BYA: 12 %

Tomt nr. 3 BYA: 16 %

Område for naust

Innanfor dette området kan oppsetjast naust. Nausta skal ha ei største mønehøgde 6,5 m rekna frå flat planeringshøgde rundt naustet.

Bebygd areal inntil 50 m². Samla arealavgrensing etter reglane i Plan- og bygningslova.

Plass for bosscontainere

Gjeld oppstillingsplasser for hushaldning bosscontainere for brukarane innan byggjeområda. 1 stk oppstillingsplass

Leik

Område skal nyttast som leikeområde for busetnaden innan planen.

Arealet kan opparbeidast med gruste plasser, leikeapparater og lignende.

Bygningane si plassering.

Bygningane skal i hovudsak plasserast som vist på planen.

Bygningsrådet kan i samband med søknad om byggeløyve godkjenne mindre retningsavvik i høve til planen.

Møneretning snudd 90 grader kan godkjennast på einskilte tomter.

Bygningane si utforming.

Bygningsrådet skal ved handsaming av byggemelding

sjå til at bygningane får ei god form og materialhandsaming.

Utforming og materialbruk skal framheve bustadmiljøet og gje ein harmonisk heilskap.

Bygningshøgde/etasjetal.

Bygningar i 3 etasjer skal ha høgde som ikkje overstig fyljande verdier rekna fra medel planert terrenghøgde rundt bygget.:

Mønehøde: 9,4 m

Gesimshøgde: 8,0 m

For bygninger i ein etasje og to etasjer gjeld høgden som framgår i

Plan og bygningslova.

Etasjetal for bygningane : Tomt nr. 1,3 inntil 3 etasjer
Tomt nr 2: inntil 2 etasjer

Bygging på branntomt/fornyning.

Ved oppføring av bygning som har vore utsett for brann e.l. kan Bygningsrådet kreve at desse oppbyggjast etter sin opphavelige utsjånad.

Ved utbetring og fornying skal bygningar gjevast ei eksteriørutforming som harmonerer med det eksisterende særpreg i området.

4.2.02 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Veg

Viste fellesveger gjeld som tilkomstveg til bustadtomtane samt andre fellesareal. Vegane skal ha regulert breidde 3,5 m

Trafokiosk.

Trafokiosk med kapasitet for straumforsyning til bustadene i eksisterande og planlagt bustadfelt med tilhøyrande anlegg innanfor planområde

4.2.03 Grønnstruktur

Felles nærområde.

Gjeld område i terrenget som skal nyttast for park/turveg . Områda kan opparbeidast med stier i terrenget og beplantast

Anna areal

Gjeld areal som på grunn av sin storleik og form ikkje eignar seg til anna føremål. I hovudsak naturterreng.

4.2.04 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone.

Ferdsel

Gjeld allmenn båttrafikk i sjøområdet utanfor strandlina.

4.3 FELLESBESTEMMELSER

Eksisterende eigedomstilhøve

Eksisterende eigedomsgrenser innanfor planområdet skal gjelde. I den grad det er uoverensstemmelse mellom plankart og grensene slik dei er skildra i eksisterande tinglyste målebrev/ skylddelingsforretningar eller rettsprotokoll etter jordskifte, skal sistnevnte grensebeskrivelser gjelda føre plankartet.

Bestemmelser om graving, fylling, attendeføring av landskap m.m.

Skjæringer og fyllinger skal gjevast ei tiltalende form og handsaming.

Inngrep som bryt den naturlege terrengform bør unngåast.

Tomtefront mot sjøsida skal leggjast slik at ein oppnår mest mogeleg tilbakeføring til originalterreng, og slik at ein unngår preg av sprengstein her.

Det same gjeld for vegen og snuplassen til naustområdet.

Det skal nyttast vegetasjon, tilsåing i veiskråningar slik at ein oppnår tilnærma same naturterreng som kringliggjande område.

Overskotsmasse fra gravearbeid, utsprengninger, nedrivninger o.l. skal deponerast på godkjent fyllplass.

Døde tre og anna sterkt skada vegetasjon etter anleggsarbeid skal ryddast ut og erstattast med ny tilplantning.

Bestemmelse vedr. bevaring landskap og vegetasjon

I utbyggingsområda skal utbyggjar ved funn av automatisk freda kulturminne, samsvar med kulturminnelova § 8,2. ledd straks varsla Hordaland Fylkeskommune, kultur og idrettsavdelinga ved arkeologane.

Arbeida stansast til forvaltningsstyremakt har vurdert funnstanden.

Bestemmelser om vern mot støy m.m.

Sidan område ligg nær opp til riksvegen, vil det medføra støy til ulike tider i døgnet.

For å motvirke generande støyulemper kan felles leikeområde samt deler av tomt nr. 1 tilplantast med eigna vegetasjon eller eventuelt andre støydempande tiltak.

Tiltak for vern mot støy skal vera slik at Miljøverndepartementet sine krav til utandørs- og innandørs støynivå vert etterlevd.

Storebø, den 16.10. 2004.

Rev. 21.01.05

Bustadtomt nr. 4 er fjerna

Rev. 20.05.05

Rev. bestemmelser om graving, fylling, attendeføring

Rev.08.09.10

Nye reguleringsformål, planskilddring m.m.

